



Arkivsaknr: 2024/2072-9
Sakshandsamar: Arne Eikefet
Avdeling: Plan og utvikling

SAKSFRAMLEGG

NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge - høyring

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune har stor trong for vesentleg meir elektrisk kraft for omstilling av oljeindustrien på Mongstad. Vidare prosessar med avklaringar og tilrettelegging for mogeleg utbygging av lokal kjernekraft må difor intensiverast og framskundast vesentleg i høve det som er konklusjonen i *NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge?*.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næring, kultur og idrett
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast av kommunestyret

Saka gjeld

Regjeringa har fått utarbeidd *NOU 2026: 4 Kjernekraft i Norge?*

Den omhandlar fordelar, ulemper og forutsetningar for etablering av kjernekraft i Norge.
Mandatet for utgreiinga kan samanfattast i

- kva rolle kan kjernekraft ha i det norske energisystemet og
- kva må til dersom Norge skal innføre kjernekraft.

Ei hovudoppgåve for utvalet har vore å etablere eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for vurdering av introduksjon av kjernekraft i Norge.

Mellom mange andre er Alver kommune gjeve mogelegheit til å uttale seg om rapporten.

Samandrag

NOU-en konkluderer med at kjernekraft teknisk sett kan etablerast, drivast og avviklast på ein trygg måte i Norge, under føresetnad om at ein har strenge tryggleikskrav, høg kompetanse og eit omfattande regelverk.

Samstundes understrekar utvalet at innføring av kjernekraft vil vere eit svært stort og langsiktig nasjonalt prosjekt.

Vidare konkluderer utvalet med at:

- Kjernekraft vil tidlegast kunne bidra frå midten av 2040-åra, og vil difor i avgrensa grad bidra til å nå Norge sine klimamål for 2050.
- Kostnadene er svært høge, både til bygging, finansiering, avfallshandtering, deponi og oppbygging av naudsynte styresmakter og institusjonar.
- Med dagens kostnadsanslag og venta kraftprisar er kjernekraft ikkje samfunnsøkonomisk eller kommersielt lønsamt i Norge.
- Norge manglar i dag tilstrekkeleg kompetanse, regelverk og institusjonell kapasitet for kommersiell kjernekraft, og det vil ta minst 20 år å byggje opp naudsynte system og infrastruktur.
- Kjernekraft har fordelar som stabil produksjon, lite arealbruk og låge klimagassutslepp, men inneber òg utfordringar knytte til avfall, tryggleik, beredskap, importavhengigheit og langsiktig ansvar.
- Utvalet finn ingen særlege samfunnsøkonomiske argument for statsstøtte til kjernekraft på noverande tidspunkt.
- Norge har gode alternativ i form av vasskraft, vindkraft, energieffektivisering og på sikt havvind.
- Ressursar som blir frigjorde frå petroleumsnæringa dei komande tiåra, kan nyttast i andre næringar. Desse ressursane kan i prinsippet òg nyttast i ei eventuell kjernekraftnæring. At ei slik overføring er mogleg, er likevel ikkje i seg sjølv eit argument for å byggje ut kjernekraft. Frigjorde ressursar bør, på same måte som andre ressursar, nyttast der dei gjev størst verdiskaping for samfunnet samla sett.

Hovudtilråding frå NOU-utvalet

Utvalet tilrår ikkje å setje i gang ein omfattande prosess for innføring av kjernekraft no.

I staden bør Norge etablere eit nasjonalt kompetanseprosjekt som følgjer den internasjonale utviklinga, byggjer opp naudsynt kunnskap og førebur regelverk og

kompetanse slik at kjernekraft kan vurderast på nytt dersom teknologi, kostnader eller energibehov endrar seg i framtida.

VURDERING

«NOU 2026:4 Om Kjernekraft i Norge» er svært omfattande og grundig, med tung fagleg medverknad, - i tillegg til utvalet sine eigen meiningar og konklusjonar.

Det er ikkje tvil om at utbygging av kjernekraft i Norge er svært utfordrande, då dette har påverknad på mange områder og for mange generasjonar fram i tid, på godt og vondt.

Det er i denne saka dei samfunnsmessige refleksjonane som er mest aktuelt for Alver kommune å vurdere og ta stilling til.

Mange andre land er i ulike former for tilsvarande prosessar i ei tid med uro og stadig endra føresetnader. Norge er imidlertid i eit roleg verdshjørne, i tillegg til at landet vårt har stor finansiell styrke til grunnlag for vidare vekst og verdiauke. I historisk samanheng så varer nok ikkje dette evig og då må landet ta stilling til om ein skal satse no eller avvente noko med store prosessar som kan bli negative eller legge grunnlaget for framtidig vekst og utvikling.

Det som er rimeleg omforeint er at prosessen bør utførast, spørsmålet er i kor stor grad ein bør framskande dette eller ta seg tid til sjå korleis dette temaet utviklar seg internasjonalt.

Dei overordna prosessane her er nødvendigvis statleg styrte, men særleg frå dei mest aktuelle framtidige etableringsstadene bør ein kunne seie sitt og gje råd til sentrale mynde.

Mongstad

På Vestlandet er det store industriområdet på Mongstad så absolutt ein av desse aktuelle, framtidige etableringsstadene.

Det er velkjent at oljealderen ikkje varer evig og at nye arbeidsplassar og verdiskaping i stort omfang bør vere på plass her i løpet av nokre få tiår. Ikkje minst kommuneøkonomien i Alver er avhengig av slik verdiskaping.

Slik ein har sett samfunnsendingane dei seinare åra så vil erfaringsmessig dette krevje store mengder elektrisk kraft. Mongstad har unike føremon i form av store ledige areal for utbygging av storindustri og anna verksemd og særdeles gode kaitilhøve med direkte tilgang til Nordsjøen. Landareala er relative flate og med større busetnad i god avstand. Grunna forventa nedbygging av raffineriet og forsyningsbasen når oljealderen går mot slutten vil her vere mykje tilgjengeleg og passande arbeidskraft for ei framtidig utbygging av kjernekraft.

Dette skil Mongstad og Alver/Austrheim frå dei fleste andre områder både i Norge og i svært mange andre land.

Mongstad treng imidlertid draghjelp i omstilling og investering dei næraste tiåra. Tidleg og føreseieleg tilgang til elektrisk kraft framstår som ein stor drivkraft i ein slik prosess. Det er

stor interesse for å kome seg fram i kjernekraft-køen i Norge og dersom Mongstad « kviler på årene» her, så vert ein fort eit ti-årssintervall bak i utbyggings- og erfaringskøen. Samstundes er Norge som nasjon i ein særstilling med sin store finansielle mogelegheit. Og som vi pr i dag ikkje veit korleis vil utvikle seg i eit framtidig historisk perspektiv.

Konsekvensutgreiing

Det er ulike kjernekraft- teknologiar som er aktuelle i Norge og særleg innan SMR, - mindre modulbaserte anlegg. Utviklinga her har gått seinare enn NOU-utvalet hadde sett føre seg. Dette synest imidlertid no å vere i akselerasjon, medan fornyinga og utviklinga av dei forvaltningsmessige rammene i Norge heng vesentleg etter.

Konsekvensutgreiings-proessen, med alle sine del-utgreiingar, vil også påpeike og i stor grad omhandle dei negative sidene ved kjernekraft. Mange innbyggjarar og organisasjonar vil nok ha ei negativ haldning til kjernekraftutbygging, særleg på alt det ukjente som ei slik utbygging fører med seg. Konsekvensutgreiingsproessen her er heilt avgjerande for å ha eit godt fagleg nivå og grunnlag for dei vidare samfunnsprosessane, enten dette leiår til det eine eller andre.

Alver og Austrheim er felles medeigarar i Fensfjorden Kjernekraft AS. Selskapet utarbeider for tida melding som grunnlag for Staten sin forventa tilbakemelding på detaljerte krav om konsekvensutgreiing for lokal etablering.

Trondheimsleia Kjernekraft AS har allereie fått statleg respons på slik melding om konsekvensutgreiing. Slik sett har Staten allereie akseptert sakshandsaming som ligg noko føre hovudtilrådinga i NOU-rapporten.

Vert konklusjonen av svara i konsekvensutgreiingane eigentleg eit nei til bygging, så er dette også ein form for ståstad for ein justert og alternativ energi-utvikling.

Alternativ

Det er også andre moment som kan vere kritisk for framdrifta i avklaring om kjernekraft i Norge.

Det er mogeleg med ein prosess for medfinansiering for kjøp av ny kjernekraft frå Sverige til Oslo-området og dermed frigjeving av store mengder kraftproduksjon på Vestlandet som i dag går til akkurat Oslo-området. Venter ein for lenge med kjernekraftproessen i Norge, så vert dette sannsynlegvis problematisk i høve dagens planer og framdrift i Sverige.

Framdrifta i kjernekraftprosessane påverkar også samfunnsprosessane i vindkraft-utbygging. Her har Alver kommune sagt klårt frå at slik etablering i kommunen sine fjellområde ikkje er ønskeleg. Andre samfunnsaktørar er positive. Ei utsetting av dei vidare samfunnsavklaringane innan kjernekraft vil sannsynlegvis utfordre Alver sine politiske standpunkt her.

Tilliks med vindkraft i fjella, er havvind uregulerbar kraft, noko som krev balansekraft når det gjeld ny Mongstad-industri. Slik forsyning kan vere bra andre stader, men utfordrande for t.d framtidig smelteindustri på Mongstad.

Energiøkonomisering kan føre til ein avgrensa reduksjon i auken i kraftbehovet, medan vesentleg auke i vasskraftproduksjon sannsynlegvis vil forutsette langvarige, kontroversielle prosessar med utbygging i områder som er verna for slik utbygging.

KONKLUSJON

Kommunedirektøren vurderer NOU-en som ein grundig og god statusrapport for landet generelt, men er uroa over den tilrådde vidare framdrifta i rapporten.

Alver er ein stor vertskommune innan olje og gass og har eit vesentleg behov for å legge til rette for omstilling til annan industri og verdiauke. Grunnlaget for dette tek lang tid og kommunaldirektøren er uroa over at rapporten legg opp til for låg nasjonal innsats i å få på plass rammeverktøyet for utvikling og mogeleg bygging av kjernekraft i Alver-regionen.

Alternativ kraftforsyning, og særleg regulerbar kraft til Mongstad, er utfordrande å få på plass og kan kome for seint i høve tidsmessig trong for omstilling og utvikling, særleg sett i høve til andre konkurrerande industristader i inn og utland.

Link til NOU:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/offentlig-horing-av-nou-20264-kjernekraft-i-norge/id3155294/>

Vedlegg

- 1 Høringsbrev - offentlig høring av NOU 2026-4 Kjernekraft i Norge